



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato
18.05.2016
Dykkar dato
08.04.2016

Vår ref.
2016/2117/LAKR/561
Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

201601302 -21
KSE/TOSO 3/2

Haram kommune. Clemens Kraft AS. Bygging av kraftverk i Eikeelva. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Bakgrunn

- Clemens Kraft AS vil utnytte fallet i Eikeelva frå kotehøgde 342 ned til eit kraftverk på kote 36.
- Maksimal slukeevne er på 620 l/s. Dette er 200 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 310 l/s. Minimum slukeevne er på 30 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 31 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 8 l/s tilsvarande som Rauma Eik AS har som minstevassføring i Holevatnet.
- Vassvegen blir om lag 1600 m som skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 10-20 m. Til inntaksdammen blir eksisterande veg opprusta og 200 m ny veg frå denne til inntaket.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 4,89 GWh med installert effekt på 1,6 MW.

Fylkesmannen har følgjande merknader til søknaden:

Natur- og miljøverninteresser

Biologisk mangfold-terrestrisk

I samband med søknaden er det gjort biologisk mangfold undersøkingar i området. Jfr. BIOREG AS sin rapport frå 2009 (seinare oppdatert i 2014 og 2016).

I vår vurdering av konsekvensane for dei terrestiske naturverdiane legg vi til grunn at røyrrasjene for ein stor del vil gå i eller langs eksisterande veg. Det går fram av rapporten at heile influensområdet vart oppsøkt og vurdert, særleg med tanke på karplantar, mose og lav. Vi har ikkje vesentlege merknader til rapporten og dei konklusjonar som er gitt, men saknar likevel kart som viser synfaringsruta. Ei utbygging vil truleg få små negative konsekvensar og aktuelt kunnskapsgrunnlag kan såleis vurderast som godt.

Fisk og ferskvassøkologi

I samband med søknaden er det gjort undersøkingar i elva og absolutt vandringshinder er registrert om lag 600 m frå sjøen. Dette vil vere eit stykke ovanfor føreslått kraftstasjonsplassering. Potensiell anadrom strekning er likevel ikkje særleg eigna som gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk. Eikelva er heller ikkje registrert som lakseførande (DN 2002-Bestandsstatus for laks, sjøaure og sjørøye). På utbyggingsstrekninga finst det noko

Postadresse:	Telefon:	E-post:	Web:	Org.nr:
Postboks 2520 6404 Molde	71 25 84 00	fmmrpostmottak@fylkesmannen.no	www.fylkesmannen.no/mr	974 764 067

stasjonær aure typisk for denne typen økosystem. Eit minimum av økologisk driftsvassføring er naudsynt for vasslevande insekt og fisk. Ved ei eventuell utbygging må det derfor sikrast tilstrekkeleg heilårleg minstevassføring.

Det er gjennomført ei omfattande kartlegging av status og utbreiing av elvemusling i Møre og Romsdal i perioden 2009-2013. Fylkesmannen kjenner ikkje til førekommstar av elvemusling i Eikeelva. Når det gjeld ål kan vi slutte oss til vurderingane i biologisk mangfold rapporten, som konkluderer med at dette neppe er ei elv som er særleg eigna for arten.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/friluftsliv/INON

Fjellområda aust for Eik, med m.a. Rekdalshesten og Urfjellet, er registrert som regionale turområde. Det går veg opp frå Eik til Eikesetra. Røyrgata vil på større del av strekninga gå i/langs denne vegen. Inntak, tilkomstveg og redusert vassføring vil kunne redusere landskapsopplevelingen. Dei viktigaste friluftsområda ligg likevel ovanfor utbyggingsstrekninga og tiltaket vil ikkje ha særleg påverknad her.

Pga. eksisterande inngrep i området vil ikkje tiltaket røre ved inngrepsfrie områder (INON).

Vassforskrifta

I Vann-nett er Eikeelva oppført som vassførekommst med god økologisk tilstand. Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. Vi føreset at NVE vurderer dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til kommentarane over. Vi har ikkje vesentlege merknader ut over dette, men føreset at det blir stilt krav til avbøtande tiltak som føreslått i søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Haram kommune	Storgata 19	6270	BRATTVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE